

Uteområde ved Antonbua, Molde kommune. Foto: Ingvild Gjerdset

10.01.2023

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Program for berekraftig by- og tettstadutvikling

## Oppsummering av arbeid i 2022 og arbeidet for 2023




Postvegen/Kjøpmannsgata, Vestnes sentrum. Foto: TINGH kommunikasjon as

# Innhald


**Forord** **4**

**Kva er oppnådd innan satsingsområda og kva har midlane gått til** **6**

1.1 Tettstadprogrammet 6

1.2. Byen som regional motor 6

1.3. Mobilitet 7

**Ferdigstilte byrom og møteplassar i 2022** **8**

**Andre gjennomførte prosjekt** **12**

**Kompetansetiltak** **16**

**Presse/kronikkar: eit utval** **18**

**Kva for utfordringar har vi - plan for arbeidet i 2023** **22**

5.1 Vidareutvikling av programmet 22

5.2 Satsingsområde i 2023 22

5.2.1 Samarbeid om sentrumsutvikling 22

5.2.3 Mobilitet på tvers 23

5.2.4 Kvalitetsheving av byrom 24

5.2.5 Bustad og bustadpolitikk 25

5.2.6 Sirkulær stadutvikling 25

5.2.7 Smarte byar 27

**Gjesteskribenten: Britt Flo, dagleg leiar Molde Næringsforum** **28**

Kva betyr by- og tettstadsutvikling for næringslivet i regionen? 28

# Forord

Møre og Romsdal-samfunnet står overfor krevjande endringar i åra framover. Utfordringane vi står overfor er samansette; frå trong kommuneøkonomi og auka press på velferdstenestene, via rekrutteringsutfordringar i arbeidslivet, og til klimaendringar og naturmangfald under press. Når utfordringane er samansette må også løysingane vere samansette. Og samansette løysingar krevjar godt samarbeid mellom ulike utviklingsaktørar, på tvers av sektorar og på tvers av fag.

Her speler Program for berekraftig by- og tettstadutvikling ei viktig rolle. Program for berekraftig by- og tettstadutvikling er eit samarbeidsprogram mellom kommunane i fylket og fylkeskommunen for å bidra til at Møre og Romsdal er eit attraktivt fylke å bu i, finne arbeid i og besøke. Vi treng at byane og tettstadene våre skil seg positivt ut. For å få til dette bidrar programmet med ein kombinasjon av kompetansehevande tiltak på viktige område for by- og tettstadutviklinga, i tillegg til medfinansiering



av og deltaking i gode utviklingsprosjekt i byane og tettstadene i heile fylket. Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har i 2022 hatt mykje aktivitet; frå seminar, møteplassar og frukostwebinar til fleire rundar med tildeling av tilskot til by- og tettstadutvikling. Dette kan du lese meir om i denne årsrapporten. I tillegg legg vi her fram forslag til satsingsområde i programmet for 2023.

Takk til kommunane og andre samarbeidspartar for godt samarbeid gjennom 2022! Vi ser fram til meir samarbeid om berekraftig by- og tettstadutvikling i 2023.

Ass. fylkeskommunedirektør
Gunn Randi Seime

Framtidig nærmiljøanlegg i Bruhagen, Averøy kommune. Illustrasjon: LOLE landskap/Hagen landskap



# Kva er oppnådd innan satsingsområda og kva har midlane gått til

## 1.1 Tettstadprogrammet

**Gjennom 2022 har følgjande prosjekt fått tilskot frå ordninga:**

| Kommune | Tiltak | Totalkostnad | Søkt beløp | Tilskot og tilskotsdel |
|---|---|---|---|---|
| Hustadvika | Detaljprosjektering av torg i Elnesvågen | 1 000 000 | 500 000 | 500 000/50% |
| Averøy | Plangrunnlag, medverknad og, planlegging tursti, designmanual, og pop up park | 1 100 000 | 550 000 | 520 000/46% |
| Sykkylven | Historisk park på Auremarka i Sykkylven | 2 022 000 | 674 000 | 674 000/33,33% |
| Ørsta | Utformingsplan for Ørsta sentrum | 350 000 | 175 000 | 175 000/50% |
| Stranda | Tettstadutvikling og berekraftig omstilling Geiranger | 1 000 000 | 500 000 | 500 000/50% |
| Sum | | 5 472 000 | 2 399 000 | 2 369 000 |

| Kommune | Tiltak | Totalkostnad | Søkt beløp | Tilskot og tilskotsdel |
|---|---|---|---|---|
| Averøy | Opparbeiding av rådhuspark og nærmiljøanlegg Bruhagen sentrum | 12 000 000 | 4 000 000 | 4 000 000/33% |
| Volda | Overvatn som ressurs i Volda sentrum | 250 000 | 125 000 | 125 000/50% |
| Aure | Opparbeiding av torg i Aure sentrum | 6 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000/33% |
| Ørsta | Fontena på Haldeplassen | 3 985 000 | 1 328 500 | 1 328 500/33% |
| Sum | | 22 235 000 | 7 453 500 | |

Prosjekta fordeler seg mellom tilskot til opparbeiding av byrom og utgreiingsarbeid (som har som mål å leie til opparbeiding av konkrete byroms-prosjekt).

## 1.2. Byen som regional motor

**I 2022 har følgjande prosjekt fått tilskot frå ordninga «berekraftig byutvikling / Byen som regional motor»:**

| Kommune | Tiltak | Totalkost-nad | Søkt be-løp | Tilskot og tilskotdel |
|---|---|---|---|---|
| Ålesund | Nærmiljøanlegg med lågt klima- og miljøavtrykk ved nye Hessa bar-neskule | 2 500 000 | 1 250 000 | 1 250 000/50% |
| Kristiansund | Møteplassar og grøne forbindingar mellom kommande nybygg i sentrum | 9 576 000 | 2 376 000 | 2 376 000/25% |
| Molde | Medverknadsprosessar i forkant av områderegulering Lundavang | 2 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000/50% |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Uttesting av smart energistyring på områdenivå | 900 000 | 300 000 | 300 000/33,33% |
| | Berekraftige og attraktivitetsskapande aktivitetar i sentrum | 1 600 000 | 800 000 | 800 000/50% |
| Sum | | 16 576 000 | 5 726 000 | 5 726 000/34,5% |

## 1.3. Mobilitet på tvers

Møre og Romsdal fylkeskommune har sett i gong ei satsing på mobilitet frå 2022. Dette handlar om å kunne bevege seg på ein enkel måte, og er oftast ein kombinasjon av fleire måtar å flytte seg på. I Fylkesstrategi for Samferdsel (2021-2024) er det definert at: «Møre og Romsdal skal ta all vekst i persontransport i dei største byområda med auka bruk av kollektivtransport, mobilitetsløysingar, sykling og gåing». Dette svarar til nullvekstmålet. Arbeidet med mobilitetsløysingar skal bidra til å nå dette målet. Mobilitetssatsinga er i ei oppstartsfase, og arbeidet med ulike prosjekt og tiltak er i gong.

### I 2022 har mobilitetssatsinga hatt fokus på desse områda:

**Bestillingstransport**

Tilbod for å auke mobiliteten i distrikta. Vi har hatt eit pilotprosjekt med flyplasstransport i Ørsta og Volda, som no har gått i ca. eit år. Evalueringa er at ordninga er populær.

**Innfartsparkering**

Innfartsparkering er parkering ved ein trafikkterminal eller haldeplass kor dei reisande reiser kollektivt vidare. Vi har hatt eit pilotprosjekt knytt til innfartsparkering i Ålesund, i samarbeid med Ålesund kommune og Ålesund parkering. Satsing på auka tilgjenge til innfartsparkering kan bidra til å redusere bilkøyring inn til byar og tettstader.



**Heim-jobb-heim**

Heim-jobb-heim er ei mobilitetssatsing retta mot bedriftsmarknaden. Målsetninga er å redusere personbiltrafikken gjennom å legge til rette for auka bruk av kollektivtransport, sykling eller gåing til og frå jobb. Det er eit stort potensial for å redusere antal arbeidsreiser som blir gjennomført med bil. Fylkeskommunen arbeider med et forprosjekt for å sjå på korleis ei slik satsing kan innrettast for å passe dei lokale forholda i Møre og Romsdal.

**Kompetansemiljø for Mobilitet i Møre og Romsdal**

FRAM har starta arbeidet med å utvikle eit kompetansemiljø innan mobilitet, som skal spreie kunnskap og erfaring om mobilitet til relevante aktørar.

Under samlinga i «byen som regional motor» i Ålesund i oktober kom kommunane med innspel på sine forventningar til fylkeskommunen si rolle i mobilitetsarbeidet. Dei trekker fram at fylkeskommunen bør fasilitere møteplassar for nettverksbygging og samarbeid. Vidare peikar de på fylkeskommunen som eit knutepunkt som innhentar og deler kunnskap om tema for å sikre felles forståing for utfordringar og moglegheiter. Dette er i tråd med satsinga om å bygge opp eit kompetansemiljø innan mobilitet i fylkeskommunen.

Arbeidet i mobilitetssatsinga blir koordinert med dei pågåande bypakkeprosjekta, og andre pågåande satsingar der fylkeskommunen speler ei sentral rolle.

2

# Ferdigstilte byrom og møteplassar i 2022

**Venstre, nedst:**

- Leike og aktivitetsområde Molde sentrum, Molde kommune. Foto: Ingvild Gjerdset

**Høgre, øvst:**

- Skateparken ved Idrettens Hus, Molde kommune. Foto: Terje Aamodt

**Høgre, midten:**

- Uteareal ved Antonbua, Molde (tidlegare Midsund) kommune. Foto: Ingvild Gjerdset

**Høgre, nedst:**

- Uteareal ved Antonbua, Molde (tidlegare Midsund) kommune. Foto: Ingvild Gjerdset




IDRETTENS HUS















**Venstre, øvst:**

- Snarvegprosjekt, Aspøya, Ålesund kommune. Foto: TINGH

**Venstre, midten:**

- Trebrygga, Valldal, Fjord kommune. Foto: Bygdebladet (ifm kongeparet sitt besøk sommaren 2022)

**Venstre, nedst:**

- Nærmiljøanlegg, Kolvikbakken, Ålesund kommune. Foto: TINGH

**Høgre, nedst:**

- Ny park ved bybadet i Ålesund, Ålesund kommune. Foto: TINGH



# Andre gjennomførte prosjekt

**Ålesund kommune, Parkeringsstrategi.** Ålesund kommune fekk i 2019 løyvd 750 000 kr til å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for ny parkeringsstrategi. Kunnskapsgrunnlagsrapporten vart overlevert Ålesund kommune i november 2022.

**Molde kommune, innbyggarlaben «Innom».** Molde kommune fekk i 2019 og 2021 løyvd til saman 1 300 000 kr til å etablere ein innbyggarlab i bysentrum. Innbyggarlaben skal vere ein møteplass som styrkar medverknaden i byutviklinga og bidrar til å etablere nye samarbeid mellom kommune, næringsliv, innbyggarar og akademia. Laben har vore open hausten 2022, og blir offisielt opna januar 2023.



Innbyggarlaben i Molde. Foto: Pernile Gardien, Molde kommune

**Smøla kommune, Utviklingsplan for Hopen.** Smøla kommune fekk i 2021 løyvd 300 000 kr til å gjennomføre eit moglegheitsstudie for Hopen for å fastlegge ønska utviklingsretning for sentrumsområdet. Agraff Arkitektur AS har gjennomført oppdraget.




Ill: Agraff Arkitektur AS

**Volda kommune. Volumstudie for fortetting i indre sentrumssone.** Volda kommune fekk i 2021 løyvd 150 000 kr til å gjennomføre eit volumstudie for å illustrere moglegheitene for utvikling, fortetting og transformasjon i Volda sentrum. Asplan Viak as gjennomførte oppdraget for Volda kommune.

**Hustadvika kommune. Gatebruksplan og byutviklingsstrategi for Elnesvågen.** Som ei oppfølging av sentrumsutviklinga i Elnesvågen har kommunen utarbeidt ein plan for gater, møteplassar samt ein strategi for vidare utvikling av Elnesvågen sentrum. Planen inneheld prinsipp for omforming av fylkesvegen gjennom sentrum og ei ideskisse for programmering av nytt torg i sentrum.  Fragment AS, SLA  og Cowi har gjennomført oppdraget.



Ill: Fragment/SLA/Cowi

**Averøy kommune, formingsrettleiar og konseptskisse for turveg  og park.** Averøy kommune fekk i 2022 løyvd midlar til å utarbeide ein plan for turveg og  park samt ein formingsrettleiar for sentrumsområdet. Rettleiaren inneheld retningsliner for fargebruk, val av material og utstyr. Østengen og Bergo landskapsarkitekter AS har gjennomført oppdraget.






Fargepalett og røyr i høve til paletten, Averøy kommune.

**Aure kommune, skisseprosjekt for Auretorget.** Basert på moglegheitsstudie og stadanalyse frå 2021. Arbeidet har utspring frå pilotprosjektet Veilederpiloten, som var initiert av Distriktssenteret og vart gjennomført i perioden 2020-2022. Ikon arkitekter har gjennomført oppdraget.



Illustrasjonsplan, Auretorget. IKON arkitekt og ingeniør

**Rauma kommune, Åndalsnes - gårdeigarsamarbeid**. Åndalsnes gårdeigarforening og seinare Åndalsnes Sentrum as har i 2019 og 2021 fått til saman 800 000 kroner til å arbeide med sentrumsutvikling i Åndalsnes. Målet har vore å styrke samarbeidet om sentrum ved etablere ein organisasjon som famnar gårdeigarar og næringslivaktørar i ein organisasjon, samt styrke engasjementet og auke kompetansen til aktørane i sentrum. I prosjektet er det etablert eit eige handelsråd og det er satt i gang arbeid med å etablere ein samarbeidsavtale mellom sentrumsforeningen og Rauma kommune. Åndalsnes sentrum AS har pr. i dag ca. 40 medlemmar. Organisasjonen har teikna medlemskap i Norsk Sentrumsutvikling. Prosjektleiar har vore Nordveggen utviklingsselskap.


Mobiliseringsmøte om Åndalsnes sentrum. Foto Line Horvli

**Vestnes kommune, prosjektleiing for fullføring av Sjøfronten del 3 og samarbeid i sentrum.**
Vestnes kommune fekk i 2020 løyvd 1 400 000 kroner til ei toårig prosjektleiarstilling for å mobilisere sentrumsaktørar, sørge for samarbeid mellom kommune, næringsaktørar og grunneigarar og mobilisere til gjennomføring av Sjøfronten del 3 - Kataholmen. Vestnes Næringsforum har hatt prosjektleiaren, og har gjennomført ei rekkje aktivitetar i prosjektperioden. Første del av Sjøfronten del 3 vart ferdigstilt i 2021.





Einingsleiar i kommunen og prosjektleiar Vestnes Næringsforum planlegg neste byggetrinn på Kataholmen. Foto: Vestnes Næringsforum. Illustrasjon til høgre: Illustrasjonsplan, Agraff Arkitektur

# Kompetansetiltak

**I 2022 har Program for berekraftig by- og tettstadutvikling gjennomført desse kompetansetiltaka:**

**Byen som regional motor-samling i Molde, 17. mars**
Arkitekt og urbanist Sissel Engblom har i fleire år følgt byutviklinga i Kristiansund, Molde og Ålesund som ein del av Byen som regional motor-prosjektet, og blei her invitert til å holde eit heildagsseminar der ein mellom anna var innom tema som urban mobilitet, sjøfront-utbygging, tiltak for klimatilpassing og sosial berekraft i byen. 30 deltakarar deltok frå administrasjonen i dei tre kommunane.

**Seminar om sirkulær stadutvikling, Molde, 21. april**
I tilknyting til Nyttårskonferansen vart det satt opp ein heildagsverkstad med tema sirkulærøkonomi og sirkulær stadutvikling. Konsulentmiljøa Natural State og Circularities ved Cathrine Barth, Martin Hagen og Einar Kleppe Holthe fasiliterte verkstaden. I tillegg deltok Molde kommune, ÅRIM og Kirppis med praktiske eksempel. Verkstaden hadde om lag 25 deltakarar frå kommunar over heile fylket.

**Informasjonshefte om «Byen som regional motor»-prosjektet**
I juni 2022 blei det lagt fram eit informasjonshefte om arbeidet som er gjort i «Byen som regional motor»-prosjektet gjennom åra 2013-2022. Heftet summerer opp metodisk tilnærming og viser fram fleire enkeltprosjekt som har fått støtte gjennom perioden.

https://mrfylke.no/content/download/26317/269570?version=1

**Bustadseminar, Molde, 22.-23. juni**
Møre og Romsdal fylkeskommune arrangerte for første gong ein bustadkonferanse med tema ein «heilskapleg kommunal bustadpolitikk» og «områderetta planlegging for gode nabolag». Konferansen vart arrangert i samarbeid med Husbanken og Statsforvaltaren. Konferansen samla ca. 75 deltakarar frå kommunal sektor innanfor områda helse/velferd, plan, eigedom, samfunnsutvikling og politisk og administrativ leiing, private utbyggingsselskap og arkitektfirma. Innleiarar var blant anna Einar Busterud, ordførar i Hamar, Eli Støa, professor NTNU og Roar Svenning, grunder Bygda 2.0, Stokkøya.

**Fortetting med kvalitet**
I samband med arbeid med «fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026», har fylkeskommunen utarbeidd ein rettleiar som kan vere eit verktøy for korleis kommune og fylkeskommune kan arbeide for ei berekraftig fortetting. Rettleiaren peiker på viktige kvalitetar som bør ivaretakast i planar og prosjekt og kva for krav dette inneber for dei ulike aktørane. Rettleiaren er utarbeidt i samarbeid med Molde og Surnadal kommunar som har bidrege med casestudie i arbeidet. Arbeidet er presentert for administrasjonen i Surnadal og Molde kommunar og for formannskapet og Miljø og planutvalet i Surnadal kommune. Rapporten er utarbeidt av Gottlieb Paludan architects og Advansia AS.

https://mrfylke.no/media/filer/strategi-og-styring/tettstadsutvikling/rettleiar-for-fortetting-i-byar-og-tettstaderbyar-og-tettstader

**Seminaret «Kunst i by- og stadutvikling», Ålesund, 29.september**
Seminaret vart gjennomført i samarbeid mellom Kulturavdelinga og Stab for strategi og styring i fylkeskommunen, Ålesund kommune og Møre og Romsdal kunstsenter og Høstscena. Mål for samlinga var å få fram kunnskap og inspirere til korleis kommunar i Møre og Romsdal kan nytte kunst som eit verkemiddel i by- og stadutvikling. Ålesund kommune er den første kommunen som har fått ei løyving frå KORO (Kunst i offentleg rom) si LOK-ordning (Lokalsamfunnsordninga) i Møre og Romdal. Dei fekk 100 000 kroner til eit forprosjekt på Kiperviktorget i 2021, og er i desse dagar i gang med å gjennomføre dette.

**Byen som regional motor-samling i Ålesund, 5.-6. oktober**
Samlinga begynte med at alle deltakarane i samlinga deltok på Bypatrioten sin BraBy-konferanse 5. oktober. For dag 2 tok dei om lag 35 deltakarane frå Ålesund, Molde og Kristiansund kommunar del i en arbeidsverkstad om mobilitet, fasilitert av samferdselsavdelinga (og «Mobilitet på tvers»-prosjektet). Som avslutning heldt Marie Harbo Dahle frå SoCentral eit innlegg om Pådriv-metoden, eit rammeverk for meir inkluderande medverknad i stadutvikling prøvd ut i Oslo, Stavanger og Trondheim.

**Frukostwebinar, hausten 2022**
Hausten 2022 arrangerte vi korte webinar der føremålet var  å informere om og dele kunnskap som kommunane kan bruke i utviklingsarbeidet sitt. Erfaring så langt er at gjennom desse korte webinara kan vi fortløpande formidle kunnskap om dagsaktuelle tema innanfor by- og stadutvikling. Deltakinga viser at tiltaket har vore populært. Vi vil difor halde fram med frukostwebinar i 2023.

**I: Korleis kan vi fortette med kvalitet – ein rettleiar.**
Alv Skogstad Aamo arkitekt og urbanist, som var prosjektleiar for «fortetting med kvalitet-rettleiaren» heldt innlegg 21. oktober. Webinaret hadde 44 deltakarar.

**II: Veilederpiloten: Korleis kan kommunar påverke samfunnsutviklinga i den retninga dei ønsker?**
Seniorforskar Lisbeth Øyum frå Sintef, som har følgjeforska på utviklingsarbeidet, delte innsikter frå forskingsrapporten 15. november. Webinaret hadde 53 deltakarar.

**III: Mobilitet i områdeutvikling og tilrettelegging for gåing**
Oddrun Hagen og Marika Kolbenstvedt frå Transportøkonomisk institutt (TØI) delte kunnskap om berekraftig mobilitet i områdeutvikling og tilrettelegging for gåing - utfordringar og tiltak 15. desember. Webinaret hadde 50 deltakarar.

**Seminaret «Hvem eier byen?», Molde, 31. oktober – 1. november**
Dette seminaret var eit arrangement over to dagar og eit samarbeid mellom Høgskulen i Molde, Habitat Norge, UN-Habitat, Møre og Romsdal fylkeskommune, Moldebiblioteka og Molde kommune. Tema på agendaen var frå deltaking, medverknad og inkludering i stadutvikling til global bustadspekulasjon og lokal tilrettelegging for sykkel. Ein del av programmet var også lagt til Molde sin innbyggarlab «Innom».

# Kva for utfordringar har vi - plan for arbeidet i 2023

## 5.1 Vidareutvikling av programmet

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling er fortsett i ei etableringsfase, og skal vidareutviklast fram mot eit langsiktig forslag som blir lagt fram i forslag til økonomiplan for 2024-2027.

Vi ser allereie resultat av programmet ved at det blir arrangert fleire seminar og møteplassar som samlar deltakarar på tvers av store og små kommunar, og ved at til dømes mobilitet blir tema for samlingar i byprosjektet. Vidare har ein hatt ein prosess for å sjå på korleis kunst- og kultursektoren kan koplast på programmet på ein god måte.

Som del av den vidare utviklinga av programmet må ein sjå nærare på korleis programmet best koplar saman ulike fagområder i fylkeskommunen t.d.  bygg- og eigedomsprosjekt, «Berekraftfylket»-satsinga, bypakkeprosjekta og andre mindre by- og tettstadtiltak i regi av vegavdelinga, samt tiltak for utvikling av distrikt og lokalsamfunn. Det er eit mål for programmet å bidra til at fleire verkemiddel og tilskotsordningar blir sett i samanheng. Vidare vil ein også sikre at føringar for programmet er i tråd med kommande fylkesstrategi for attraktive byer og tettstader, og fylkesstrategi for miljø, klima og energi.

## 5.2 Satsingsområde i 2023

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling vil våren 2023 lyse ut tilskotsmidlar til by- og tettstadutviklingsprosjekt i kommunane. Gjennom året vil vi tilby ulike kompetansehevingstiltak, som webinar, fysiske seminar og andre møteplassar, der sentrale tema innan by- og tettstadutvikling og mobilitet vil vere tema. Satsingsområdane under skal vere vegleiande for prioritering av prosjekt som søker tilskot og for kompetansetilbodet og utviklingsarbeidet vi legg opp til i 2023.

### 5.2.1 Samarbeid om sentrumsutvikling

Sentrumsutvikling er eit tema som krev samarbeid og samhandling. Offentlege og private aktørar må nytte sine verkemiddel og prosjekt slik at dei dreg i same retning. Fylkeskommunen, både i by- og tettstad-utviklingssaker og plansaker, opplever at dei ulike interessene kanskje ikkje «snakkar same språk» - eller har same verkelegheitsoppfatning. Vi erfarer og at det manglar rutinar og organisering av samarbeid mellom partane. Når samarbeid om tiltak ikkje er på agendaen kan det bidra til å hemme sentrumsutvikling. Vi vil sette søkelys på at samarbeid og rolleavklaring styrker gjennomføringsevne i arbeidet med sentrumsutvikling. Vi vil særskilt rette innsatsen mot å samarbeide med eksisterande arenaer og fora som t.d. sentrums- og næringsforeiningar og interkommunale politiske råd.

### 5.2.2 Utgreiing om Tettstadpakke-pilot

Transportøkonomisk institutt (TØI) og Viken fylkeskommune har vore partnarar i prosjektet «Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling: «Hvordan kan man samordne areal-, transport- og sentrumsutvikling på en måte som bidrar til framtidsrettet stedsutvikling på mindre tettsteder?» Program for berekraftig by- og tettstadutvikling foreslår at fylkeskommunen i 2023 greier ut korleis Tettstedspakker som eit verktøy for å oppnå breiare og meir samordna rettleiing og verkemiddelbruk i utvikling av tettstader skal kunne takast i bruk i Møre og Romsdal.




Figur: Tema i tettstadpakker, TØI

### 5.2.3 Mobilitet på tvers

Gode transport- og mobilitetsløysingar handlar om å kunne bevege seg på ein enkel måte, og er ofte ein kombinasjon av fleire måtar å flytte seg på. Fylkeskommunen har ei viktig rolle i å bidra til å få fram fakta om samanhengar mellom transport og arealbruk, tiltak og verkemiddel. Dei overordna satsingsområda for 2023 vil vere å auka kompetansen om mobilitet i kommunane og kartleggje nye forretningsmodellar innan mobilitet. Mobilitetssektoren er i rask endring, med stadig nye løysingar og teknologisk utvikling.

Samferdselsavdelinga har utarbeida ei tiltaksplan for 2023, som skal bidra til å synleggjere tiltak vi gjer for å påverke folk sine val av reiseform. Gjennom program for berekraftig by- og tettstadutvikling skal vi arbeide med:

**FRAM skal tileigne seg og spreie kunnskap og erfaring om mobilitet.** Kompetansetiltak, som webinar og/eller seminar om mobilitet og by- og tettstadutvikling. Dialog med kommunane om mobilitetsprosjekt og andre relevante tema. Dele kunnskap og informasjon om mobilitet, og fasilitere møteplassar. Vi har ein ambisjon om å utarbeide ei verktøykasse innan mobilitet, der vi blant anna skal gi kommunar, næringsliv, eigedomsutviklarar og andre informasjon og oversikt over aktuelle tiltak

**Heim-jobb-heim** er ei mobilitetssatsing retta mot bedriftsmarknaden. Det er eit stort potensial for å redusere talet på arbeidsreiser som blir gjennomført med bil gjennom å legge til rette for auka bruk av kollektivtransport, sykling eller gåing til og frå jobb. Fylkeskommunen skal gjennom eit forprosjekt for å sjå på korleis ei slik satsing kan innrettast for å passe dei lokale forholda i Møre og Romsdal. I løpet av 2023 skal vi avgjere om dette er ei satsing vi skal sette i gong med i fylket.

**Kartlegging av aktuelle stader** for etablering av innfartsparkering, sykkelparkering, og haldeplassar for å bidra til å auke bruk av kollektivtransport i byar og tettstader.

**Sundbåten.** Etter vedtak i fylkestinget i desember 2022 er det avgjort at 1 mill. kroner av tilskotsmidlane til byutviklingsprosjekt i 2023 skal gå til å utvikle tilbodet til Sundbåten i Kristiansund. Denne satsinga vil primært følgjast opp gjennom mobilitetsdelen av programmet.

### 5.2.4 Kvalitetsheving av byrom

Omgivnader som legg til rette for at folk møtest, at byen opplevast som attraktiv, genuin og innbydande for dei som bur og besøkjer byen, krev ein arkitektur som speler på lag med menneska som skal bruke den – ein inkluderande arkitektur. Ein by er ikkje berre ei liste med funksjonar og innhald; alle aktivitetane skjer ein stad. Måten vi former byane og stadane våre styrer dermed korleis vi brukar dei.

I fjor (2021) vart Tettstadprogrammet sitt arbeid i Møre og Romsdal evaluert av Oxford Research. Eit av dei sentrale funna var at fylkeskommunen sitt bidrag i arbeidet og krav til kvalitet hadde skapt varige verdiar. Informantane i kommunane trakk fram både tilgangen på økonomiske tilskot, og fylkeskommunen sin kompetanse innanfor feltet som avgjerande for at dei kunne prioritere dette arbeidet.

Krav til gode medverknadsprosessar, særleg fokus på barn og unge, god framkome, universell utforming og demokratiske byrom skal vere førande for arbeidet. Vi vil og rette merksemd mot tema under i arbeidet med utvikling av våre felles byrom:

**Klimatilpassing i byar og tettstader.** Den fysiske infrastrukturen må tilpassast eit meir krevjande klima, og når vi gjer det bør vi velje naturbaserte løysingar. I takt med at vi får meir øydeleggjande styrtregn, blir det meir aktuelt å spele på lag med naturen gjennom handtering av overvatn i opne løysingar. Opne system som kan ta hand om overvatnet gir moglegheit til å utnytte vatnet som ressurs i byromma; til vatning av vegetasjon, som estetisk element, auka biologisk mangfald, leik og læring og rekreasjon.

**Kunst i byrom.** Ålesund kommune fekk eit tilsegn om støtte frå KORO (Kunst i offentlige rom) i 2021. Ein viktig lærdom frå arbeidet med



Vågen i Kristiansund. Foto: Terje Aamodt

kunst i by- og stadutvikling i 2022 er tilrådinga frå KORO (og kommunar som har jobba aktivt med kunst i by- og stadutvikling) om å invitere inn kunstnarar tidleg i prosessen som kan hjelpe prosjekta med å tilføre nye tankar og perspektiv. I 2023 har vi som ambisjon å støtte Ålesund vidare i arbeidet med sitt KORO-prosjekt, og stimulere nye kommunar til å ta i bruk kunst som eit verkemiddel i by- og stadutvikling.

### 5.2.5 Bustad og bustadpolitikk

Næringslivet har trekt fram manglande tilgang på bustadar som ei utfordring for å få tak i kompetanse og arbeidskraft. Det er stort behov for alderstilpassa bustader og bustader for unge og barnefamiliar i og nært sentrumsområda. I 2023 vil vi fortsette samarbeidet med Husbanken og Senteret for eit aldersvennleg Norge. Vi vil og fortsette arbeidet med å auke kompetansen og styrke samarbeidet om å utvikle framtidsretta og berekraftige bumiljø og nabolag.

### 5.2.6 Sirkulær stadutvikling

Overgangen til eit meir sirkulært samfunn inneber at det vi skal produsere og bruke må tære mindre på jorda sitt ressursgrunnlag.

**Omsett til arbeidet med by- og stadutvikling vil det bety at vi må:**

- Lokalisere funksjonar slik at ein reduserer behovet for transport og tap av natur- og jordbruksareal
- Dele meir – til dømes innan mobilitet, bygg og forbruksvarer
- Legge til rette for at næringsutvikling i byane utnytter moglegheitene som ligg i nye handels- og tenestetilbod basert på prinsippa om sirkulær økonomi
- Forvalte eksisterande kulturmiljø, bygningsmasse og byggematerial som ein ressurs



Nordre gate, Grünerløkka, Oslo. Foto: Ingvild Gjerdset

**Lokalisering.** Klimavennleg og ressurssparande lokalisering dreier seg om å få til ei kompakt utbygging der ulike funksjonar kan nås ved å gå og å sykle. Samlokalisering av bustadar, service og næring innanfor 10-minuttersbyen gjer til at dei  ulike funksjonane styrkar kvarandre og gir meir levande, ressurseffektive og mangfaldige byar og stadar.

**Næringsutvikling; nye handels- og tenestetilbod i sentrum og behov for meir samarbeid.** For sentrumsutviklinga ligg det ein moglegheit og ein nødvendigheit i at fleire testar ut nye tilbod innan deling, reparasjon, utleige og brukthandel. Vi ønsker å sjå fleire eksempel på samarbeid om å tilby slike løysingar i byane og tettstadene våre. Molde kommune har som ein del av si smartby-satsing jobba med å legge til rette for gjenbruk av møblar i kommunal eige, framfor å «på automatikken» kjøpe nytt. Likedan utfordrar dei leverandørar på å tilby reparasjon framfor å berre selje nytt. Skal ein lukkast er det naudsynt at fleire kjøparar går saman om å krevje at næringslivet endrar forretningsmodellane sine.

**Eksisterande bygg og kulturmiljø.** Korleis vi handterer eksisterande bygningsmasse og infrastruktur er ein viktig del av løysinga i den sirkulære stadutviklinga. Å bruke bygg som allereie finst vil både redusere avfall og redusere behovet for produksjon og transport av nye byggjemateriale. Kulturmiljøa i byar og stader og ein stor ressurs som bidrar til særpreg og identitet og til den sirkulære økonomien gjennom renovering og vidareført bruk.

Sirkulærøkonomi er eit satsingsområde for «Berekraftfylket»-satsinga. I arbeidet med sirkulær stadutvikling vil vi mellom anna samarbeide tett med «Bærekraftfyl-ket»-prosjektet om kompetansetiltak.



Mobilitetspunkt, Åfjord sentrum. Foto: Ingvild Gjerdset

### 5.2.7 Smarte byar

I «Nasjonalt veikart for smarte og bærekraftige byer og lokalsamfunn» er følgjande smartby-definisjon lagt til grunn: «Smarte byer og lokalsamfunn setter innbyggerne i sentrum, og tar i bruk ny teknologi, innovative metoder, samarbeid og samskaping for å bli mer bærekraftige, attraktive, produktive og tilpasningsdyktige.»

«Byen som regional motor» har vore ei viktig medfinansieringskjelde for å teste ut smartbyløysingar i Ålesund, Molde og Kristiansund. Ålesund kommune har mellom anna introdusert ei bysykkelordning, ei deleordning for kommunale bilar på kveldstid og testa ut ei digital tvilling-løysing til samfunnsplanlegginga. Molde kommune arbeider mellom anna med smart deling av offentlege data og smart styring av vatn- og avløpsnettet. I Kristiansund kommune si satsing «Påkobla Kristiansund» har ein mellom testa ut bruk av parkeringssensorar, digitale nøklar til kommunale bygg og ei løysing for eit opent WiFi-nettverk i og rundt kommunale bygg.

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling vil halde fram med å støtte opp om at dei tre største byane i fylket «tar i bruk ny teknologi, innovative metoder, samarbeid og samskaping for å bli mer bærekraftige, attraktive, produktive og tilpasningsdyktige».

Samarbeid er her eit nøkkelord: Det finnast ein god del samarbeid innan digitalisering i fylket, mellom anna knytt til Digi Møre og Romsdal og IKT-samarbeid gjennom regionråda. Medfinansiering av framtidige «smartby-prosjekt» må vere godt koordinert med desse samarbeidsinitiativa, mellom anna for å sikre deling av kunnskap og løysingar mellom kommunane.





Kunst på torget, Molde. Foto: Kai Bedringås

# Gjesteskribenten: Britt Flo, dagleg leiar Molde Næringsforum



## Hva betyr by- og tettstadsutvikling for næringslivet i regionen?

Jeg har blitt utfordret til å si kort om hva innsats på by- og tettstadutviklingsområdet betyr for attraktiviteten til regionen. Det korte svaret er at det betyr mye for mange. Fra mitt perspektiv som representant for nærmere 300 bedrifter i Molde er jeg helt overbevist om at by- og tettstedsutviklingen har stor betydning for attraktivitet til regionen, både som et sted å besøke, men ikke minst et sted hvor folk vil bo og jobbe.

**Helhetlig grep**

I Molde er vi ganske heldig stilt med tanke på at handelsområdene ligger tett på hverandre. Hadde en visst det vi vet nå, så hadde de selvsagt vært helt integrert, på samme måte som at offentlige tilbud som har mye besøk må ligge i eller så nært sentrum som mulig. Program for bærekraftig by- og tettstedsutvikling er viktig fordi det setter søkelys på akkurat dette. Det er ikke alltid lett å prioritere det som totalt sett er best for de fleste opp mot særinteresser, det være seg i drakamper internt i kommuner, om alt fra skolestruktur, omsorgsboliger til boligfelt og mellom regioner. Ved å løfte blikket og se by- og tettstedsutvikling i et litt større perspektiv kan vi oppnå bedre resultater.

**Økt stolthet**

For Molde sin del så har utbyggingen av sjøfronten og torget vært svært avgjørende for å øke aktiviteten i bykjernen og for Molde som regionsenter. Vi får stadig høre det fra de som flytter hit og fra besøkende – folk har blitt enda mer stolte av byen sin. Med lekeplassen som ble åpnet nå i sommer og ferdigstillelse av sjøfronten neste sommer



Ålesund sett frå Aksla. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune




Sjøfronten og

så har Molde snudd seg mot fjorden og blitt en mye bedre by. Næringslivet har bidratt med oppgradering av bygårder, men også med over 10 millioner kroner til det nye torget.

**Sentrum viktig for rekruttering**

Det løftet som Molde har fått med oppgraderingen av torget og sjøfronten kunne ikke kommet på et bedre tidspunkt. All ære til fremsynte politikere i Molde som har valgt å prioritere dette. Det vil gi avkastning, både i form av flere tilbud og mer aktivitet, og økt attraktivitet til Molde. Det slår positivt ut når bedriftene i Molde skal jakte etter nye ansatte. Vi konkurrerer med mange om de samme flinke hodene. Å ha et levende og attraktivt sentrum er viktig når bedriftene i Molde skal ut og rekruttere ansatte.

**Lokal handel**

Mitt inntrykk er at mange har blitt mer bevisst på hvor en handler, både ut fra et miljøperspektiv, men også fordi en ser hvor stor verdi det er å ha lokale tilbud. Tilbudene må være konkurransedyktige, hvis ikke så taper man i konkurransen med andre aktører. Om en ikke bruker de tilbudene man har lokalt, så kan de forsvinne. Da synker igjen attraktiviteten. Å handle lokalt betyr ikke bare at privatpersoner handler lokale tjenester og bruker lokale butikker. Det lokale næringslivet er også en viktig aktør, ved at de kjøper varer tjenester lokalt og dermed skaper vekst og aktivitet for flere lokale aktører.

**Fortsett å øke attraktiviteten**

Det viktigste lokalsamfunnet kan bidra med er å fortsette å øke attraktiviteten, ved å blant annet få flere boliger i sentrum. At folk kan bo enda mer bynært, fører til flere folk og mer liv i sentrum. Det vil igjen skape et grunnlag for ytterligere flere lokale tilbud og flere arbeidsplasser og økt attraktivitet.



Molde, 20.11.2022
Britt Flo



torget, Molde. Foto: Terje Aamodt



Tussaparken, Ørsta. Foto: TINGH kommunikasjon as

Møre og Romsdal
fylkeskommune